

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Deres ref.: 2009047799-/JMB

Vår ref.: 2008/1338.2/RGA/FNS

Dato: 06.01.2010

Merknader til høringsutkast om forskriftsendring i rammeplan for førskolelærarutdanning

Vi viser til høringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet datert 27.09.09, "Høringsutkast for endring av rammeplan for førskolelærerutdanning". Departementet gjer framlegg om å endra §7 i forskrifta, slik at alle studentar som har hatt fritak frå norskfagets tospråkskrav også skal få fritak i førskolelærarutdanninga. Universitetet i Stavanger vil fråråde endringa og vi spelar med dette inn nokre synspunkt.

Først vil vi gjere departementet merksamme på at det blir gitt samla karakter i norskfaget i førskolelærarutdanninga, og at bokmål og nynorsk slik er sidestilte.

Årleg kjem studentar til førskolelærarutdanninga med bakgrunn frå norsk vidaregåande skole, der dei på grunn av ei lese- og skrivevanskediagnose (særleg dysleksi) har fått fritak frå tospråkskravet, vanlegvis fritak frå nynorsk. Ein kan få inntrykk av at studentar synest lite informerte og førebudde på at fritak i vidaregåande ikkje medfører fritak høgare oppe i utdanningssystemet. Vi opplever ikkje situasjonen som dramatisk, men vil heller ikkje bagatellisera den inkongruensen som er mellom vidaregåande skole og førskolelærarutdanning. Det stiller elevar/studentar i ein uheldig situasjon - tospråkskravet i ei lærarutdanning kan synast urimeleg når ein ikkje har eksamen i det same norskfaget som fleirtalet av studentane har.

Studentar kan kjenna uro for eksamen og manglar gjerne motivasjon for å skriva både bokmål og nynorsk. Ein del av jobben for norsklærarar i førskulelærarutdanninga har vore å motivera desse studentane til å gjennomføra norskfaget i førskulelærarutdanninga og til å levera oppgåver på begge målformer. Inntrykket vårt er at dei aller fleste gjennomfører norskfaget i førskolelærarutdanninga med godkjent resultat, somme etter kontinuasjonseksemna. Karakternivået varierer, men svak karakter i norsk (som også mange studentar utan lese- og skrivevanskar får) har oftast ei kompleks grunngjeving.

Det er såleis vanskeleg å sjå nokon eintydig dramatikk i situasjonen for den studentgruppa framlegget gjeld, det er ikkje grunnlag for å peika på tospråkskravet som den største utfordringa dei har for å lukkast med norskfaget. Det vil også vera urealistisk å tru at eksamensresultata for studentgruppa skal betra seg merkbart, om endringsframlegget går gjennom. Det varierer også kor mykje ulike utdanningsinstitusjonar legg i kravet om jamstilling, det varierer truleg mellom 1 og 3 oppgåver på kvar målform gjennom året.

Vi vil vidare problematisera endringsframlegget i to punkt:

1) Endringsframlegget svekkjer legitimiteten til den nynorske språkkulturen

Norskfaget er eit kunnskapsfag, eit kulturfag og eit danningsfag, også i førskolelærarutdanninga. Tradisjonelt er det norsk som har hatt det største ansvaret for å formidla dei demokratiske verdiane som ligg til grunn for den nasjonale ordninga med to jamstelte skriftspråk, der berebjelken for å sikra det minste og mest sårbarane språket er at alle elevar skal læra begge språka i skolen. Norskfaget har ansvar for at elevar/studentar skal sikrast ein reell tospråkleg skrivekompetanse. Dette hindrar likevel ikkje at nynorsken er marginalisert og at (særleg unge) nynorskbrukarar opplever eit sterkt bokmålspress. Slike studentar finn vi også i førskolelærarutdanninga, mange skriv bokmål utdanninga gjennom, meir og mindre frivillig. Norskfaget prøver å vera eit fag som oppmuntrar til språkleg og kulturelt mangfold, og endringsframlegget er eit steg i motsett

retning. Det kommuniserer at språkjamstillinga skal vera mindre viktig, og at ein opnar for å svekkja nynorsken. Dette står i motstrid til dei signala som *Stortingsmelding nr. 35 (2007-2008) Mål og meininger* (også kalla Språkmeldinga) sender ut om behovet for å styrkja norsk språk, særleg nynorsk.

Positive haldningar til språkleg mangfald og eigne erfaringar i forhold til korleis eit samfunn praktiserer språkleg mangfald, kan for studentane våre utgjera eit viktig fundament i møte med det moderne, fleirkulturelle samfunnet. Ei styrking av den norske språkkulturen har ein pris, også for studentar med lese- og skrivevanskar, men det er vanskeleg å sjå dette som ein svært dramatisk situasjon. Det er viktig at utdanning i norsk i ei universitetsutdanning som fører til bachelorgrad, og som sidan kan danna grunnlag for mastergrad, gir kompetanse i begge dei norske målformene. Mange førskolelærarar får også stillingar i grunnskulen, der slik kompetanse er sjølvsagt.

Universitetet i Stavanger utdanner førskolelærarar i første rekke til ein region der nynorsken er ein levande språkkultur i barnehagar, skole, administrasjon, kulturliv, organisasjonar og media. Det er trong for kompetanse i nynorsk, og det gjer det meir problematisk å gå inn for tiltak som svekkjer dette kompetansekravet.

2) Førskolelærarutdanninga sin prestisje

Vi ser det som viktig å styrka, ikkje svekkja, den faglege prestisjen både til førskolelærarane og førskolelærarutdanninga. Her er mange og komplekse utfordringar, og vi trur ikkje ei styrking blir nådd gjennom å svekkja faglege krav, heller ikkje der dei kan ha omkostingar for einskildpersonar. Vi ønskjer ei førskolelærarutdanning som stiller krav til kvalitet og kompetanse, også i norskfaget. Dette handlar også om haldningar til språkleg mangfald og brukarar av små språk og minoritetsspråk. Endringsframlegget trur vi vil verka i motsett retning, og senda ut signal om at nynorsk ikkje er viktig i forhold til barnehagefeltet.

Vi har elles merka oss at nemninga "språkpedagog" etablerer seg innanfor barnehagesektoren. Desse pedagogane jobbar særleg i forhold til tospråklege barn. Slike pedagogar kan vera ein viktig ressurs i arbeidet med å støtta dei tospråklege barna i deira utvikling og sikra dei fullgodt utbytte av eit barnehageopphold. Men ein grunnleggjande og kvalitetssikra lingvistisk kompetanse må ligga til grunn for det ansvaret ein språkpedagog blir pålagt. Det er trong for ein gjennomgang av kva krav ein skal stilla. Kan til dømes ein person med dysleksi diagnose og D eller E i norskfaget, som i dag legg stor vekt på tospråkleg utvikling, både lingvistisk og pedagogisk, få eit slikt ansvar? Dersom endringsframlegget går gjennom, kan personar som er friske fra kompetansekrava i norskfaget også få stilling som "språkpedagog", og det er ikkje uproblematisk.

Konklusjon:

Universitetet i Stavanger vil frårå at framlegget til ny paragraf 7 blir vedteke, av omsyn til den nynorske språkkulturen og for at samfunnet skal ha tillit til og respekt for den kompetansen førskolelærarane og førskolelærarutdanninga representerer.

Dersom departementet gjennomfører endringa, må ei følgje bli at kravet om to målformer blir lagt inn i den obligatoriske vidareutdanninga førskolelærarar må ta for å få fast tilsetting i grunnskolen (Grunnleggjande lese-, skrive- og matematikkopplæring, GLSM, 30 studiepoeng).

Med vennlige hilsner

Aslaug Mikkelsen
rektor

Per Ramvi
universitetsdirektør